

Bil køyde ned gjerde ved Heio

04.02.2011



Hjørnet på gjerdet vart nærmast rasert

Ei relativt dramatisk utforkøyring har funne stad ved idrettsplassen på Heio natt til i dag.



Sjåføren har ikkje klart den slake svingen men køyrt rett fram..

Ein bil har mista styringa i den slake svingen før ein kjem til idrettsplassen.

Bilen har køyrt rett fram nesten 50 meter over jordet før den har truffe hjørnet på gjerdet og nærmast rasert det. Utifra den medfarten gjerdet har fått må bilen også vera påført relativt stor skade.

Politiet hadde inntil tidleg i ettermiddag få opplysningar om saka, men politioverbetjent Sigurd Børve opplyste til uskedalen.no ved 14-tida at

sjåføren har teke kontakt med idrettslaget om det som har skjedd og beklaga det. Difor finn ikkje politiet det naudsynt med oppfølging av saka no.

- Men vi kjem til å kontakta vedkommande for å høre nærmare om kva som skjedde, opplyser Børve.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen